

Saksgang

Utv.	Utv. saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021

Utlysing av driftskontrakt 4602 Hardanger

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt 4602 Hardanger vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.

Samandrag

Driftskontrakt for drift- og vedlikehald av fylkesvegar i Hardanger vert lyst ut med driftsoppstart 1. september 2022.

Driftskontrakten erstattar gjeldande driftskontrakt 1204 Hardanger.

Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert vidareført.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Eivind Yttri
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er planlagt å lyse ut ny driftskontrakt for veg kalla 4602 Hardanger 1. november 2021 med oppstart 1. september 2022.

Driftsperiode

Gjeldande driftskontrakt 1204 Hardanger gjeld for perioden 1. september 2016 - 31. august 2021, med eitt års opsjon til 31. august 2022 og innehold både riks- og fylkesvegar.

Det er planlagt å lyse ut driftskontrakt 4602 Hardanger frå 1. november 2021 med ein periode på fem år, frå 2022 til 2027, med mogleg gjensidig forlenging til 2030. Det er lagt opp til opsjon på eitt år.

Driftsområde

Ny driftskontrakt 4602 Hardanger omfattar kommunane:


- Ullensvang
- Kvinnherad (eks. nordvest for Hardangerfjorden)
- Etne
- Eidfjord

Som følgje av avvikling av sams vegadministrasjon frå 1.1.2020 vert kontraktsområdet delt mellom riks- og fylkesvegar, der fylkeskommunen skal drifte fylkesvegane og Statens vegvesen riksvegane. Hardangerkontrakten vil difor ikkje lengre omfatte drift av ein høgfjellsovergang.

Ein del av vegnettet har usamanhengande veglenker, der einaste tilkomsten er fleire kilometer langs riksveg. Drift av disse vegane vil mest sannsynleg gi ein auka kostnad. Vi vil vurdere samarbeid med andre aktørar her.

Tunnelar inngår ikkje i denne kontrakten. Tunnelar blir drifta i eigen kontrakt, ny tunnelkontrakt startar 1. september 2021. Det betyr at all drift av oppgåver i tunnel no er ein del av tunnelkontrakten, med unntak av dekke og vinterprosessar som nedtaking av istappar og salting i tunnelmunningar. Driftskontrakten vil også ha ansvar for beredskapen i tunnel, ved at ein skal sikre staden og evt. utføre midlertidig sikring og opprydding. Reparasjon av skader vert utført i tunnelkontrakten.

Kart over driftsområdet



Vegane som inngår i kontrakten er markert med grått.

Etne kommune ligg i gjeldande kontrakt 1105 Indre Ryfylke, men vil i framtida inngå i ny kontrakt for Hardanger. Vregar i Etne kommune utgjer om lag 72 km veg.

Omfang

Kontrakten vil omfatta drifts- og vedlikehaldsoppgåver på fylkesvegar og fylkes gang- og sykkelvegar med tilhøyrande sideareal, utstyr og installasjoner.

Vegnett er om lag 418 km fylkesveg og 15 km gang- og sykkelveg.

Generelt om driftskontraktar

Driftskontraktane omfattar i hovudtrekk:

- Drift av drenssystem for å sikre frie vassvegar
- Lapping og reparasjon av lokale skader i asfaltdekke
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekverk, skilt og anna vegutstyr; rasteplassar, leskur etc.
- Drift av grøntareal og skrånningar
- Reinhald
- Noko ansvar i tunnel, hovudsakleg beredskap (eigen tunnelkontrakt)
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaiar
- Vinterdrift

Driftskontraktane inneholder ikkje desse oppgåvene:

- Dekkefornying
- Oppmerking
- Drift av vegljos
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaiar.
- Investeringsoppgåver
- Drift av tunnelar

Standard som er lagt til grunn

I driftskontrakten blir det lagt til grunn standard som går fram av Handbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger. Dette er same standard som vart lagt til grunn då Statens vegvesen lyste ut driftskontraktar på vegne av fylkeskommunane gjennom sams vegadministrasjon, og som ligg til grunn for gjeldande kontrakt. Operativ standard vert bestemt ut frå kor viktig vegen er, trafikk, klima og miljø.

Vi har vurdert om Hardanger skulle inngå i Voss-kontrakten. Dette vart valt vekk då vi ser at det er større ulemper med dette enn fordelar. Når kontraktane blir store vil det vere vanskeleg å halde oversikt i ytterkantane av området. Mindre kontraktsområde gir byggherre ein større moglegheit for å styre prosessane økonomisk (Byggherrestyrt kontraktar). I tillegg ser vi at utviklinga no går imot at det er svært få entreprenørar som gir pris på store driftskontraktar. Dersom kontraktane blir for store blir dei mindre aktuelle for dei mellomstore og mindre entreprenørane med god lokalkunnskap.

Utfordringar på vegnettet

Topografien i Hardanger er variert, frå høge toppar til djupe dalar og fjordar. Spesielt i forhold til klimaendringar og den topografien som er i Hardanger, så har vi utfordringar med skred og flaum i kontraktsområdet. Dette kan medføre store upårekna kostnadars etter skade på veg og mogleg skredsikring av veg. Mykje av dreneringssistema i kontraktsområdet har ikkje god nok kapasitet til auka vassmengd i samband med klimaendringar, det vil difor vere eit stort behov for å utbetre eksisterande dreneringssystem.

Med store lokale variasjonar i klima skapar det også utfordringar med tanke på vinterdrifta.

Vedtakskompetanse

Denne saka skal avgjerast av Hovudutval for samferdsel og mobilitet, i samsvar med Reglement for folkevalde organ og delegering av oktober 2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi

Kontraktssum for noverande Hardanger kontrakt er 223 mill.kr for både riks- og fylkesvegar. Av dette utgjer fylkesvegane om lag 100 mill. kr.

Gjeldande kontrakt var prisa lågt, noko som medfører at vi no reknar med å betale ca. 25% meir for tilsvarande kjøp.

Ny Hardanger kontrakt vert utvida med fylkesvegane i Etne kommune, noko som fører til 34% tillegg i veglengda.

Når vi tek høgde for prisstigning, endra krav, auka veglengde og reduserte tunneloppgåver reknar vi med at kontraktssummen vil auke vesentleg i høve dagens kontrakt.

Klima og miljø

Entreprenørane nyttar store feiebilar med spesialutstyr for å koste vegbana fri for støv, salt og sand. Skyljevatnet vert handsama som spesialavfall og slamavfall skal leverast på godkjent deponi. Dette gjennomførast i hovudsak om våren for å rydde etter vinterdrifta. Feiringa reduserer miljøpåverknaden av vinterdrifta, og forlenger levetida til grøfter og stikkrenner.

Ved å gjennomføre intervallkosting reduserer vi utgiftene til vedlikehald av dreneringssystema. Vi får eit reinhald av vegane våre som er forutsigbart, og dermed betre trafikksikkerheit for syklistar og motorsyklistar. Reinare vegar fører til mindre svevestøv som gir betre helsemessige forhold for befolkninga.

Konklusjon

Driftskontrakt 4602 Hardanger vil bli lyst ut på anbod 1. november 2021 med oppstart 1. september 2022, ein periode på fem år, fram til 2027, med mogleg gjensidig forlenging til 2030. Kontrakten kan lengast med eitt års opsjon.

Kontrakten vil verte lyst ut med driftsstandard i samsvar med Handbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger, som er ei vidareføring av driftsstandarden i dagens kontrakt.

Fylkesdirektøren reknar med at den nye kontrakten får høgre kostnader enn gjeldande driftskontrakt.